



Hordaland Fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Jondal kommune  
5627 JONDAL  
Tlf. 53 66 95 00  
Faks 53 66 95 10  
e-post [post@jondal.kommune.no](mailto:post@jondal.kommune.no)  
[www.jondal.kommune.no](http://www.jondal.kommune.no)  
Org.nr 944 439 927  
Bank 3450.07.08206  
Sakshandsamar:  
E-post [jon.larsgard@jondal.kommune.no](mailto:jon.larsgard@jondal.kommune.no)  
Tlf. 53 66 95 02

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
2014/21176-21	12/243-8 /JOL/16/1942	N – 561	18.05.2016

### Uttale til fagetatane sitt framlegg til NTP 2018–2029

Viser til invitasjonsbrev frå 06.04.16

Jondal kommune ønskjer å koma med følgjande innspel til NTP-handsaminga i Hordaland fylkeskommune:

#### Høg ramme.

Det er berre ved høg ramme at nye prosjekt kan verta iverksette i vår region. Dette er og ein klar forventning for å kunne realisera prosjekt som er ferdig planlagde og har vore inne i tidlegare vedteken NTP.

#### Drift og vedlikehald.

Ein støttar transportetatane sine vurderingar av behovet for løyvingar for å ta att det store etterslepet ein har på vegane. Det er og viktig, slik det vert peika på, at fylket får løyvingar som gjer mogeleg å vera ein aktiv vegeigar med tanke på drift og vedlikehald, så vel som investeringar.

#### Rassikring.

Hardangerregionen har fleire av dei alvorlegaste raspunkta og rasstrekningane i Norge. Å sikra rastrygge vegar må vera eit minstekrav for å ta heile landet i bruk og skapa busetnad og næringsutvikling i distrikta. Ein vil særleg peika på mange strekningar langs Rv13 gjennom vårt område med behov for rassikring, t.d Oddadalen, og Odda/Tyssedal.

#### Investeringar.

Det er positivt for vårt område at det er funne plass til store vegprosjekt som:

- E 16 Voss - Stanghelle
- E 134 Røldal – Seljestad
- E 134 Vågslid – Røldal

Vi meiner det må finnast plass til oppstart av tunnelen Røldal-Seljestad i tråd med planane som ligg inne i NTP for perioden 2018-2029, og at den må framskundast til tidleg oppstart i første del av planperioden.

#### Planar.

Før endeleg beslutning om den andre aust-vesttrasèen i tillegg til E134 vert teken, må det framskaffast eit likeverdig kunnskapsgrunnlag for alle alternativ. Då vil det vera naudsynt med ein KVVU for armen mellom E134 Haukeli og Bergen.

Høgfartsbane.

Spørsmålet om ei høgfartbanesatsing i Noreg bør besluttast i planperioden. Utgreiingar har vist at Haukelibanen har eit stort transportpotensiale, og har ei lønsemd som gjev store mogelegheiter for i vesentleg grad å kunne finansierast på sida av NTP. Det vil og vera eit vesentleg klimatiltak.

Med helsing

Jon Larsgard  
ordførar